

## **Innspel frå dei kommunale eldreråda:**

### **1. Frå Kvinnherad eldreråd:**

Hei!

Kvinnherad eldreråd hadde i sitt møte 15. juni i år oppe  
ev. forslag til årets eldrekonferanse i Bergen i nov.

P.g.a. skifte i sekr.funksjonen (der forrige sekr. gjekk ut 1. juni og ny kom på plass først 8. aug.) er  
eg usikker på om våre forslag er vidaresendt dykk.

Vi snakka om desse forslaga:  
Velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering.  
Samhandling i samanhengande tenester.  
Stortingsmelding nr. 15 "Leve heile livet"  
Informasjon frå NAV , og kva dei kan bidra med for eldre.

Håpar noko av dette kan verte aktuelt, sjølv om tidsfristen gjekk ut 10. aug.

Mvh, (leiar i Kvinnherad eldreråd)

### **Sverre Vevelstad**

*Holmedalsvegen 243,  
N-5453 UTÅKER*

+4798835928  
+4753478740

---

### **2. Fra Bømlo eldreråd:**

Først takk for at det vert halde konferanse for kommunale eldreråd. Dernest kjekt med invitasjon til  
innspel om tema for konferansen

Ernæring og mat for eldre er særskilt viktig å setja fokus på. Det har vore for lite omsnakka og kanskje  
nedprioritert mellom mange andre viktige saker i eldreomsorga

Ernæring er særskilt viktig:

- Forebyggjande med god ernæring – tilføra kroppen nødvendige næringsstoff for vedlikehald  
og fornying av seller.
- Hygiene ved tillaging og servering.
- Presentasjon – vel tillaging og fint samansett. Dvs at maten ser delikat ut og er rett  
samansett både når det gjeld utsjånad, smak og rette næringssstoff.
- Sosialt aspekt – trivsel rundt maten – servering og måltid. For eldre er også måltid eit  
avbrekk i rutinen og til kontakt med andre.

- Nylaga mat i staden for kok og kjøl og servert i porsjonspakkar i plastemballasje og oppvarming i einsemd hos einslege heimebuande der ingen ser etter at maten vert eten. Derfor særskilt viktig med kjøken på institusjonar som også kan servera for eldre og heimebuande
- Positivt med middagsservering i 16-tida om dagen med ein lett lunsj på formiddagen.

Ernæring og mat er eit viktig tema og at dette vert presentert og diskutert på ein engasjerande måte. Gruppearbeid er greitt nok, men det går så altfor lang tid ved presentasjon frå kvar gruppe. Det er meir viktig med diskusjon i plenum der nyttige erfaringar frå eldreråda kjem fram. Korleis nå og bli hørt av kommuneadministrasjonen.

Dette med helsereiser og utfylling av reiserekningar er framleis eit problem for mange eldre. Vi ser fram til ein interessant og aktuell konferanse i Bergen 6-7. november.

Med helsing

Annbjørg Legland

Leiar i Bømlo Eldreråd

### 3. Fra Fitjar eldreråd

**Fra:** Eva Tufteland <[ept@haugnett.no](mailto:ept@haugnett.no)>

**Sendt:** 6. august 2018 11:44

**Til:** Merethe Helland Nordnæs <[Merethe.Nordnaes@hfk.no](mailto:Merethe.Nordnaes@hfk.no)>

**Emne:** innspel tema eldrerådskonferansen

Hei

Me i Fitjar Elldreråd kjem med desse innspela:

Digipost-Dighjelp

Fri Frakt på medesin

Samhandling lege/pasient

Håpar de finn dette av interesse

Vennleg helsing

Fitjar Eldreråd

Eva P. Tufteland

leiar

### 4. Voss seniorråd.

Viser til Dykkar brev frå 30.5.18, der De oppfordrar Eldreråda i Hordaland til å senda inn framlegg til tema/emne som dei ynskjer å ta opp, eller få opplysning om, på årskonferansen 6.og 7.november 2018.

Emnet/temaet gjeld. Lov om eldreråd.

Vi har hatt Lov om eldreråd frå 1991/1992 å halda oss til, men i juni 2017 vart det gjort endringar i lova. Vi er noko usikre på:

Kva vart endra?

Kva var nytt?

Kva står att av lova frå 1991/92?

Kva er Eldreråda sitt ansvar, sine plikter og rettar no?

Kva med den økonomiske delen?

Kan vi framleis bruka : Rettleiinga for Eldreråda sitt arbeid og funksjon, som kom etter Lova frå 1991/92?

Kan dette vera eit interessant emne på konferansen?

Med helsing  
Kirsten Takvam  
Leiar i Voss seniorråd

5. Fra Sund eldreråd:

Hei

Eg meiner at det denne gongen ville vera aktuelt å få stortingsmelding nr.15 på dagsorden, "Leve hele livet". Stortingsmeldinga er sendt alle eldreråd og det vil vera tid for dei kommunale råda å sjå litt på meldinga som kjem opp i Stortinget i løpet av hausten, slik eg skjønar det. Det er ei eldrepolitisk reform som skal setjast ut i livet i kommunenoreg og då må/bør eldreråda vera aktive medspelarar. Inviter Birte Markeseth Aasen, ho er konsulent hos fylkesmannen i Hordaland og skal jobba spesielt med reforma. (eller eldrestatsråden, eller nokon anna som har kunnskap og høve til å møta.

Ernæring og mat er viktig nok, men dei fleste veit etterkvart kva som er bra og mindre bra for oss. Og det er ikkje eldreråda si oppgåve å gje folk kosthalsråd. Det gjer helsetenesta og frisklivssentralane og blad og bøker i haugar.

Med helsing

Sverre Bungum

Leiar Sund eldreråd

6. Frå Os eldreråd:

**Vedtak:** Os eldreråd foreslår følgjande som tema på Fylkeseldrerådkonfeansen 2018: Erfaringsutveksling og forslag til enkle aktivitetar/øvingar som passar for alle, og som lar seg gjennomføre i ein travel arbeidsdag.

7. Fra Odda Tyssedal/pensjonistforening.

**Forslag til tema på eldrerådkonferansen i Bergen høsten 2918**

**Forslag 1.** Eldres medisinbruk, Vet legene nok om hvordan forskjellige medisintyper påvirker hverandre. Blir vi eldre overmedisinert?

**Forslag 2.** Hvordan skal vi forholde oss til begynnende demens / alzheimer ?

**Forslag 3.** Hvordan avdekke depresjoner hos eldre, hva kan vi som pårørende gjøre?

**Forslag 4.** Dårlig hørsel, nye hjelpemidler?

Beste helsing frå  
Gunvor Riim Opedal  
**leder**  
Odda-Tyssedal Pensjonistforening